



Notat

Dato: 02.09.2019
Arkivsak: 2015/11453-208
Saksbehandlar: adelan

Til: Styret for Fagskolen i Hordaland

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Ordning med studentombod ved Fagskolen i Hordaland

21. juni vart fagskulelova endra med mellom anna krav til at styret skal sørge for at alle fagskulestudentar har tilgang til eit studentombod. Endringa er gjeldande frå 1. august 2019. I brev frå Kunnskapsdepartementet 28.06.2019 (sjå vedlegg) kjem det fram at departementet forventar at utdanningsinstitusjonane arbeider med å få etablert permanente løysingar for eit studentombod så raskt som mogleg, men at ein kan etablere midlertidige funksjonar fram til dette.

Ordninga med studentombod kan organiserast i samarbeid med andre fagskular, eller andre høgare utdanningsinstitusjonar.

Nasjonalt fagskoleråd har i tidlegare uttale i samband med høyringa av den nye fagskulelova fremja forslag om det vert etablert eit nasjonalt studentombod for fagskulestudentar. Rådet vil arbeide vidare med denne problemstillinga.

Fagskolen i Hordaland vil vurdere moglege samarbeidspartnarar i høve til eit felles studentombod i regionen dersom det ikkje vert etablert eit nasjonalt ombod. Fram til dette er på plass vil ein rådgjevar ved fagskolen få i oppgåve å vere studentombod.